Resultatene viste at på «gammel jord i bygda» var fosfor- og magnesiumtilstanden som regel god. Også kalium- og kalktilstanden var best på denne jorda sjøl om en stor del av K-analysene kom i K-Al-klasse I - altså lågeste klasse. Fosfortalla var i mange tilfelle så høge at en kunne tære på betydelige reserver ved å spare på fosforgjødslinga når kalktilstanden også var god. En burde da planlegge bruken av husdyrgjødsla på nye skifter samtidig som en måtte over på mer fosforfattig eller sågar fosforfri handelsgjødsel. Her lå det muligheter for å spare kostnader. For kalium derimot måtte en være mer bevisst på å tilføre det årlige forbruk

gjennom såkalt helsesonggjødning dvs. delt gjødning.

Jorda i fjellet skilte seg klart ut med låge verdier - særlig for fosfor og kalium. Nybrottsjord var naturligvis mer næringsfattig enn jord som hadde vært dyrka og brukt noen år. Spesielt var fosforverdiene låge ( ca. 90 % i klasse 1 - ingen i klasse 3 og 4 ). Lignende utslag fant vi også for kalium sjøl om de ikke var så markante som for fosfor.



Hva kalktilstanden angår viste det seg å være en himmelvid forskjell i pH-verdiene på jord i bygda og på fjellet:

- For «gammel jord i bygda» hadde 26 % av prøvene pH lavere enn 5,6
- For «fulldyrka jord i fjellet» hadde 77 % av prøvene pH lavere enn 5,6
- For «nybrott i fjellet» hadde 86 % en pH lavere enn 5,6

Av dette ser en tydelig at fjelljorda hadde et særlig stort kalkingsbehov. Også nede i bygda var det behov for kalking mange steder noe avhengig av jordart, kultur, bruk av handelsgjødsel etc.

Det var også betydelige variasjoner mellom bygder og mellom garder. I Etnedal fant vi den største andelen prøver med pH lavere enn 5,6 (vel 50 %), mens Nord Aurdal hadde den høyeste andel prøver med pH over 5,6 (87%). Også i Vestre Slidre og Vang var verdiene

relativt gode med ca. 75 % over 5,6 på jord nede i bygda. Kartlegging av nærings- og kalktilstand på bruksnivå var imidlertid det primære for oss med tanke på rådgivningsarbeidet. Dette ble det da også svært stor interesse for allerede det første driftsåret.

Oppfølgingsarbeidet var avgjørende viktig. Dette skjedde i form av møter/korte kurs i analyseforståelse/-vurdering samt utarbeiding av gjødslings- og kalkingsplaner. Alle som fikk tatt jordprøver ble innkalt til slike møter. Utgangspunktet var å få nytta gardens egen næringsstoff-ressurs - husdyrgjødsel - best mulig. Derneft ble oppgaven å skjøte på med handelsgjødsel etter behov - typer og mengder. Ved denne gjennomgangen kom en i samtalens løp naturlig inn på tilgrensende fagområder. Sammenhengen mellom jord- og plantekultur, formengde/-kvalitet og driftsøkonomi var sentralt. En kom raskt inn på spørsmål om ugrasbekjemping, arts- og sortsvalg, fornying og gjenlegg, høstetidspunkt og -intensitet, beitespørsmål og foring. Alt endte til sjuende og sist opp i en målsetting om å bedre driftsøkonomien på garden.



Første året med analyseresultater holdt vi 10 kurs med 45 deltakere i alt. Med små deltakergrupper kommer en lett i dialog med brukeren om de problemstillinger

han/hun er opptatt av. Samtidig utvikles det et godt faglig og sosialt fellesskap hvor erfaringer og impulser utveksles og tas med hjem i «tenkeboksen» til modning for senere bruk. Etterhvert som vi fikk resultater fra feltforsøka, ble det enda mer interessant å prate om i gruppene. Erfaringene med denne arbeidsformen var gode og vi forstod at dette måtte bli en viktig oppgave framover. Utvikling av fagmiljøet hadde en rask smitteeffekt både i form av økt etterspørsel etter tjenester og i form av nye medlemmer i ringen. Etter vel ett års drift var forsøksringen den største i landet målt etter antall medlemmer. I starten var de fleste usikre på hva en forsøksring var og hva den skulle arbeide med. Denne usikkerheten

ble «rydda unna» etterhvert som stadig flere fant å ville gjøre seg nytte av ringens tjenester. Med økende etterspørsel meldte det seg også et kapasitetsproblem. De tre første åra hadde ringen en ringleder på heltid pluss noe ekstra sommerhjelp til feltarbeidet. Tidsrommet fra årsmelding og analyseresultater forelå og fram til våronna ble oftest for kort og hektisk. Da skulle brukerne følges opp med rådgivning og planlegging parallelt med at forsøkssesongen skulle forberedes og planlegges. Det var derfor en stor lettelse for ringlederen da Odd Helge Nysveen ble tilsatt som forsøksagronom i april 1975. Hans første arbeidsoppgave bestod i å pakke og distribuere «rykende ferske» årsmeldinger fra Valdres Trykkeri.

**Odd Helge Nysveen**  
tilsett 1975,  
ringeliear frå 1986




## Utarbeiding av gjødselplaner gjennom ein mannsalder

Interessa for uttak av jordprøver og utarbeiding av gjødselplan var mykje av drivkrafta bak medlemsauken på slutten av 70 talet og framover. - Ekstra interessant var det for dei som etter 5 – 6 år kom inn med 2. gongs uttak av jordprøver. Desse kunne då vurdera utslaget av tiltak som var sett i verk.

Nytt sortiment innanfor fullgjødsel og kombinasjonar mellom desse gjorde at det vart fleire alternativ å velja mellom for å dekkja næringsbehovet til dei ulike vekstane, særleg der det var to gjødslingar. (eng og beite heime i bygda).

Toppen av jordprøveuttak og utarbeiding av gjødselplanar på grendevise kurs nådde vi hausten 1984, med nær 1000 prøver frå 100 gardsbruk i Valdres. Våren 1985 fekk



alle desse innkalling og oppfølging på gjødselplanmøter.

Offentligemyndigheiter fatta også interesse for arbeidet med. gjødselplanlegging og jordprøvetaking, dette vinkla ut frå næringsforsyning og forureiningsfare. Fosfor var det fyrste næringsstoffet som vart sett i fokus, seinare Nitrogen.

Desember 1985 kom den fyrste datamaskina til kontoret, denne vart fyrst og fremst skaffa med tanke på statistikkarbeid og tekstbehandling, men også medlemsregister. - For sikrere bedømming av næringsinnhaldet i husdyrgjødsel ( Nitrogen) vart det i 1987 kjøpt inn måleutstyr til slikt bruk. Anna utstyr som vart skaffa var vektor for registrering av lasstørrelse, og bestemming av avlingsnivå pr. dekar. Utstyr for å syne korleis kunstgjødelspreiaren arbeide vart både demonstrert og skaffa.

*Utsegn frå Nord – Østerdal: Kva er vitsen med gjødselplanlegging når spaken på sentrifugalsprederen er rusta fast på 50 kilo pr dekar.*



Dei fyrst gjødselplanane utarbeidd ved hjelp av EDB vart laga til vekstsesongen 1987. Tidleg ute blant medlemmene får dei

ulike valdreskommunane var: Arne G Perlestensbakken, Arne Håkon Haug, Arne S Hagen, Torleiv Ildstad, Knut K Ødegaard og Kristoffer Heen.

Januar 1988 vart det sendt ut tilbud til samtlege medlemmer om gjødselplan utarbeidd på EDB. Referat frå styremøtet april 1988: 50 planer er laga for medlemme på EDB.

INNSPILTABELL		Kommunale gjødselplaner		Kommunale gjødselplaner	
Plan nr.	Plan namn	Plan nr.	Plan namn	Plan nr.	Plan namn
1	1988	1	1988	1	1988
2	1988	2	1988	2	1988
3	1988	3	1988	3	1988
4	1988	4	1988	4	1988
5	1988	5	1988	5	1988
6	1988	6	1988	6	1988
7	1988	7	1988	7	1988
8	1988	8	1988	8	1988
9	1988	9	1988	9	1988
10	1988	10	1988	10	1988

Tilbodet om bygdevise møter for dei som hadde fått take ut jordprøver forgåande haust vart oppretthalde. Hausten 1988 vart det sett i gang auka innsats mot forurensing i områder som hadde nedslagsfelt til Skagerak. Gjødselplanlegging vart sett på som ein viktig innsatsfaktor i dette arbeidet.

Våren 1989 var ny datamaskin med gjødselplanleggingsprogram på plass, delvis finansiert ved hjelp av Skagerakmidlar. Forsøksringens ansatte sendt på kurs organisert av FMLA. Prosessen i dette gjekk mot betre tilpassa gjødsling og betre utnytting av husdyrgjødsel. Forsøk markdagat møter og tilsvarande gjekk her hand i hand med gjødselplanlegginga. Mange medlemmer brukte gjødselplanarbeid aktivt i ein prosess med mål å frå betre utnytting av husdyrgjødsel.


Våren 1990 var siste sesong med bygdevise gjødselplanmøter. EDB opplegge var no einerådande, for økologisk drift vart tilbodet med grendavise møter oppretthalde 2-3 sesongar til, då vi for denne driftsforma ikkje hadde tilgang til gode hjelpemidlar via EDB. Frå styresmaktene vart det fortsatt stimulert b til å utarbeide gjødselplanar. Frå FMLA fekk vi økonomisk støtte opp mot kr 400,- pr plan.

Då denne støtta fall bort måtte styret gjera ei kuending. Dette måtte vi avslutte, eller begynne å ta betaling. Frå hausten 1995 vart det innført eigenbetaling for utarbeiding av gjødselplan og uttak av jordprøver. Interesse for desse tenestene flata nok noko ut, men dei aller fleste såg den faglege nytteverdien så stor at dei valte å ta kostanden.

Obligatorisk gjødselplan i samband med søknadomareal og kulturlandskapstilskudd kom i 1998. Dette ført til ny interesse

for arbeidet og vi fekk ein ny tilvekst i medlemsmassen. Samtidig måtte vi organisera arbeidet på kontoret på ein betre måte for å unngå uovervinnelege arbeidstoppar.

Tilbod vart sendt medlemmen slik at dei kunne tinga gjødselplan i forkant av innkjøp av gjødsel, eit godt tilbud til dei som vil utnytta terminprisordninga.



Jordprøveuttaket har ikkje endra seg mykje i løpet av desse 30 åra. Manuelt arbeid er dette fortsatt, jordprøverbor og bøtte er aktuelle reidskap. Dette er eit arbeidskrevjande opplegg. Fagleg har vår tilråding vore å ta ut nye

jordprøver kvart 5-6 år. Forskriftene for gjødselplanegging set ei grense på 8 år, for dei som har årleg plan, dette fører til at dei fleste ynskjer å benytta prøvene så langt som råd opp mot denne grensa. I starten vart det teikna skisser over innmarka og uttaksplassane, forsøksringen har etter kvart skaffa seg økonomisk kartverk over storparten av områder med dyrka jord i Valdres, slik at prøvene no blir plotta inn på dette. Maskinelt utstyr for jordprøveuttak med registrering av uttaksplass på GPS er no i drift, på sikt vil sikkert dette bli metoden for jordprøveuttak, på ein eller annan måte må dagens arbeidsforbruket ned. Gjødselplanlegging på EDB er komen for å bli, programma blir stadig utvikla, Planteforsk har saman med forsøksringane og andre forskingsinstitusjonar arbeidd mykje med å forbetre berekningsgrunnlaget, dette gjennom ulike forsøksseriar og liknande. I dag utarbeider Valdres forsøksring omlag 300 gjødselplanar årleg for medlemmene sine.



ÅR	ANTALL	pH	ÅR	ANTALL	pH
1972	406	5,72	1977	346	5,71
1973	396	5,74	1978	305	5,58
1974	491	5,68	1979	223	5,57
1975	545	5,61	1980	316	5,61
1976	335	5,60			
			SUM	3363	19009
			GJ.SNITT	374	5,65

Legg merke til at pH-verdien i sammendragene ligger mellom 5.65 og 5.80, og at det ikke er noen tendens til stigning. Vi forutsetter at det hvert år er tatt ut gjennomsnittsjord. Dette betyr at den kalkmengden som nå tilføres årlig, går med til vedlikeholdskalking. –

Halvparten av jorda er dårligere enn gjennomsnittet. Mye av denne jorda har behov for kalking: Velg kalktype etter magnesiumbehovet, og kalkmengde etter surhetsgraden. Og det gir mange fordeler å spre kalken FØR pløying! ! Eller overflatekalking på grasmark (vårspredd), med halv mengde.

Jorda i Valdres inneholder generelt mye fosfor. Dette skyldes at det gjennom forgagne år er tilført mer fosfor enn det som er tatt ut gjennom avling m.v. Men i de senere år har vi brukt fosformengder som er mer i samsvar med behovet. Etterhvert vil dette også gi utslag på jordprøvene. Husk at fosfor i kunstgjødsel skal betales med mye penger. Jord i dårlig fosfortilstand bør derfor gjødsles opp med vellagret kloakkslam. Den er gratis og effektiv, og tilfører samtidig organisk materiale. Ta kontakt med ”landbrukskontoret”, i god tid!

Ei jord i normalt god hevd har en P-AL-verdi på ca 8, og K-AL på ca 18. Jord med gode reserver av syreløselig kalium har en K-HNO<sub>3</sub>-verdi på ca 80. Mg-AL bør være over 6. Låg Mg-verdi krever kalking med dolomittkalk. Til hovednæringsstoffene hører også nitrogen. Vi vet at med låg N-gjødsling blir avlinga deretter. Om vi

ÅR	ANTALL	pH	P-AL	K-AL
1981	319	5,62	9,1	10,0
1982	359	5,72	9,2	9,9
1983	385	5,69	11,5	11,3
1984	840	5,77	10,3	11,1
1985	606	5,70	10,3	10,2
SUM	2509	14409	25614	26720
	502	5,74	10,2	10,6

ÅR	ANTALL	pH	P-AL	K-AL
1986	524	5,49	10,7	10,3
1987	868	5,73	11,9	11,2
1988	424	5,75	12,3	11,4
1989	566	5,76	12,7	12,3
1990	466	5,67	12,6	12,2
SUM	2848	16187	34162	32596
GJ.SNITT	570	5,68	12,0	11,4

ÅR	ANTALL	pH	P-AL	K-AL
1991	442	5,71	14,4	12,2
1992	235	5,76	10,0	13,0
1993	511	5,78	10,5	14,4
1994	510	5,87	10,5	14,6
1995	648	5,84	11,1	13,4
SUM	2346	13610	26669	31962
GJ.SNITT	469	5,80	11,4	13,6

ÅR		pH	P-AL	K-AL
1996	614	5,80	9,6	13,5
1997	690	5,69	10,5	13,7
1998	363	5,75	10,8	15,4
1999	276	5,83	13,3	16,0
2000	157	5,76	10,9	15,8
2001	187	5,72	9,5	14,4
2002	373	5,68	9,6	12,2
SUM	2660	15279	27793	37441
	380	5,74	10,4	14,1

S A M M E N D R A G				
JORDPRØVER	VFR	1972	2002	
ÅR	ANTALL	pH	P-AL	K-AL
1972-80	3363	19009		
1981-85	2509	14409	25614	26720
1986-90	2848	16187	34162	32596
1991-95	2346	13610	26669	31962
1996-02	2660	15279	27793	37441
SUM	13726	78494	114238	128719
GJ.SNITT	443	5,72	11,0	12,4

da samtidig har normalgjødning av P og K, så vil overskudd av disse gå inn i jordlageret. Da kan det være tid til å minne om at "tørr" husdyrgjødsel har mistet sitt verdifulle innhold av ammoniakk. Tørr husdyrgjødsel er en meget dårlig nitrogenkilde. Møkk med ammoniakk må enten oppbevares i tett rom, eller pløyes ned umiddelbart, eller halvblendes med vatn. Dette gjelder også urin! ! God om

For noen ti-år siden lærte vi at jorda skulle pløyes om høsten, og så spre møkka etterpå. Denne lærdommen har nok gått ut på dato. Hensyn til både jordpakking og næringstap tilsier nå at møkka skal spres om våren, på upløyd mark. God omrøring i lager er en selvfølge.

Omstillingen ligger i at vi kjører møkk om våren, istf. om høsten. Og at kjelleren er tom 1. august.

De første årene mente formannen og styret at uttak av jordprøver var noe alle hadde bruk for, og at dette derfor kunne være innbakt i medlemskontingenten. Men årsmøtet i 1995 fant å måtte bryte med dette prinsippet. Fra 1. juli samme år ble både jordprøveuttak og gjødselplanlegging gebyrbelagt. Fra 1/1-1998 ble gjødselplan med jordprøver gjort obligatorisk. Til da hadde det vært et jordprøveintervall på 5-7 år. Men det nye kravet satte ei grense på åtte år - og dermed skulle alle ha jordprøver hvert åttende år.



## Ut å sjå ,heim å bruke

seier Magnus Sandberg i innleiingsartikkelen sin. Markdagar og andre tilstellingar forsøksringen har gjennomført kan trygt vandra under denne parolen. Folk treffest, diskuterer, ser og høyrer om aktuelle problemstillingar, og kan seinare setje dei nyvunne idéane ut i livet. For forsøksringen er det då viktig å finne tid og tema som lokkar medlemmene til møteplassen. Avløysarordninga gav husdyrbrukarane høve til å få ordna "fritid", slik vart det også lettare å koma med tilbod om fagturar utanom nærområdet.

Innanfor 30 år kan ein peike på mange tidsskilje, kanskje ikkje så kraftige som Svartedauden (år 1349), men likevel merkbare i næringa. Før og etter rundballepressa, før og etter Mjøsaksjonen eller før, i og etter landbrukskjemien kan vera stikkord i så måte.

Det fyrste tiåret til forsøksringen fall, som nemnt før, i ei oppgangsperiode for landbruket, eller for å seie med månefasen, "på nyo". Det var ikkje vanskeleg å få stor oppslutnad om arrangementa. Den fyrste markdagen, på Løken og Berset samla ei stor mengd deltakarar, noko bildet ovanfor skulle syna.



Ola Helge Fløene  
ringleiari 1977 - 1983



Hausten 1972 gjekk den fyrste medlemsturen til Hemsedal, med stor oppslutnad. Lokalavisene hadde baa store oppslag frå denne hendinga. Olav Robøle sitt referat dekkja mest halve framsida av "Valdres" tysdagen den 10. oktober 1972. "Hallingane er kjende for å vera flinke til å skapa seg velstand, og mange var nyfikne på korleis dei bar seg åt med dette", skriv Olav Robøle.

Ein solfylt junidag i 1973 samlast atter ein stor flokk i på Steile og Bøaflato i Vang. "Geit, sau, gris og utleiegehytter i fokus"



Markdag Kinnhølt 27/7 1973



Merket fellesstøl 1/8/1974



saksar vi frå "Valdres". Dette var i starten på "hundegrastida", så avskiltsunda vart på eit forsøksfelt på Lislome.

Selskapet for Noregs Vel var mange gonger ein viktig samspelar. Konsulentane i tekniske fag, Even Glemmestad og Gunnar Otnes, seinare Torstein Fyhri og Tor Breen var gode folk å ha for handa. Ved markdagen på Kinnhølt sumaren 1973 synte konsulent Glemmestad mange måtar for å berge hø. Ein må òg nemne at mange maskinfirma gav ei hjelpande hand med å syna fram ulike reiskapar ved markdagane.

"Eplegravst", som det heiter på Slidremål, samla hausten 1973 inn på 150 deltakarar på Eikrun i Volbu. Her vart fokus sett på potetproduksjon i Valdres, ikkje minst å skaffe smittefrie setjepoteter til andre deler av landet. Det var elles presentasjon av "Faun" potetopptakar ved utviklaren, Romerikingen Erland Asdahl. "Potetdyrkinga vant seg mange nye venner og utøvere under potetdagen", skriv Audun Midtsveen i referat i Oppland Arbeiderblad. Gartnerhallen og Felleskjøpet var medarrangørar.

Auka avvirking i skogen, fellestiltak og oppdyrking av ny jord var og sentrale stikkord i Valdreslandbruket fyrst på 1970-talet. Under ei medlemsutferd til Sør-Aurdal i oktober 1973 fekk deltakarane ta turen innom Begna Bruk for å fylje foredlinga av tømmerstokken og seinare gjekk turen over åsen til Hedalsengene der ein sto iferd med å planlegge bruken av eit 1500 mål stort dyrkingsområde.

Neste vår dro forsøksringen over Valdresflya for å sjå kva Dovringane hadde fått til av fellestiltak. Utpå sumaren var ein stor flokk tilstades på fellesstølen i Merkji i Tisleidalen. Her mykje urudt land iferd med å bli lagt under ploegen, og deltakarane fekk demonstrert mange

## Forsøksringen startar sumar- sesongen med ugrasdagar

Godt forebyggjande arbeid langt bedre enn sprøyting



Et sprøyteløp i Vang.

## Ugrasdag i Vang



Ringleder Svein Thorsrud justerer traktoroppsettet sammen med deltakerne på ugrasdagen.

Ringleder Svein Thorsrud i Valdres demonstrerer, når luter for sprøyteløp, som alle hadde sine egne oppsett. Det var også mange som hadde fått seg en god tur på traktor.

Når det gjelder sprøyting med horevopprøp på beite, var det mange som hadde fått seg en god tur på traktor. Det var også mange som hadde fått seg en god tur på traktor.



ulike nydyrkingsreidskapar. Selskapet for Noregs Vel og diverse maskinfirma var gode medspelarar både ved dette høvet, og same haust under ein pløvedemonstrasjon i Volbu. I oktober dro ein på medlemstur til Noregs landbrukshøgskule mellom anna for å sjå på forsøksfjaset.

Alt i startåret hadde styret fokusert på ugrasflorane kringom i Valdresengene, og ugrasdagar, der ein gjekk i enga, botaniserte og drøfta ugrassprøyting eller andre mottiltak for å halde løvetann, høymolsyre, tunrapp og andre konkurrentar til kulturvekstene borte frå jordene sto på timeplanen mange vårar frametter frå 1973. Her la ein gjerne opp til bygdavise samlingar, og det var nok ikkje berre ugras som vart drøfta på desse treffstadane.

Fokuset som var sett på fellestiltak hadde og gitt seg utslag sør i Valdres, og sumaren 1975 hadde ein medlemstur til Venelia Beitelag på Bagnsåsen. Same haust la ein utferd til Hadeland der ein m.a. var innom garden til Dag C Weberg på Jevnaker. På heimleg grunn hadde ein lagt opp til ein del bygdemøter der ein var innom både gjødselplanlegging, arbeidsrasjonalisering og rekneskapsføring. Vinteren 1975/76 fekk medlemmene høve til å bestille frø av Leikund hundegras, og året etter kunne ein sjå dei fyrste hundegrasengene kring i dalen.

For å skaffa fram grasfrø, må nokon ta på seg frødyrkinga. Under ein markdag på Ulvé hausten 1976 gav am. Erling Olsen frå Løken og am. Tor Jostein Fiveland frå Statens Plantevern gode råd til dei som ynskte å ta til med ein slik produksjon. - Sumaren 1975 var turr, og med ein turkesumar kjem spørsmål om vatningsanlegg. "Forsøksringen vil fylgje opp interessa for vatning så godt som råd er", skriv formann Sandberg i årsmeldinga for 1975. I september 1976



Svein Thorarud



Foto: Svein Thorarud



held ein ”vatningsdag” på Svenes der forhandlarane synte fram dei mest aktuelle typer vatningsanlegg. Dosent Bengt Rognerud greidde ut om valg av anlegg.

Om vérgudane er for eller imot Valdresbonden må avlinga i hus for å sikra vinterføret. Forsøksringen hadde gjennom eit par sesongar henta inn tal for tidsforbruk med ulike bergingsmetoder for gras, og presenterte dette materialet saman med Hallingdal forsøksring under ein markdag på Golsfjellet sumaren 1976. Det var godt Kjell Rotnheim hadde ein stor stølsvoll for å få rom til dei 3-400 frammøtte. Registreringsmaterialet som forsøksringane her hadde henta inn og systemisert vart nok arbeidsgrunnlag for dei organisasjonsfolka som seinare fekk inn tilskottsordninga for ”gras dyrka i fjellet” i jordbruksavtalen.

På sume felt må ein spara utgifter, på andre felt kan ein prøve å auke inntektene. Like sidan starten hadde styret sett i gang forsøk med gjødsling av granskog, i 1975/76 vart dåverande heradskogmeister Lage K. Westerbø engasjert for å ”utvide forsøksarbeidet i skogen”. Ein markdag saman med skogråda i øvre Valdres ved Helin i Vang sette fokus på økonomi og arbeidsforbruk i produksjon av fyringsved. Ein konkluderte med at ein kunne oppnå ei timeforteneste på innpå 60 kroner ved å produsere bjørkeved.

Olav Yrstad hadde med seg maskiner for kapping og kløyving, og under demonstrasjonar kommenterer fylkesskogsjef Knut Dæhlien. ”Dø må væl ti no mer væm rundt denna skruen, før om je skulle få slipset mitt vikla inni, så bli je drept”. Då svarar han Olav turt : ”Denna masjina æ kji beregna for folk mæ slips, denna”

Styret hadde gjennom lengre tid drøfta å arrangere ein større utanlandstur, og midt i mars 1977 la ei gruppe medlemmer iveg over Nordsjøen til Skottland. Valdrisane beit seg merkje i både skogreisning,



Foto: Svein Thorsrud



**Samarbeid om utnytting av fjellet kan gje 600 nye arbeidsplassar i Valdres**  
Valdres Forsøking held kurs i driftplanlegging og oppanarar til samarbeid



## Et utbyggingsbruk i utvikling

"Norsk Landbruk"

På Granum er det så både ny driftbygging og ny framtidig plan. Det gamle skil bort og det blir til til nyveg.

Da Odd Byfuglien i 1965 overtok gården Granum i Granumsbygda i Etnedal var det vel 40 da. innverk på bruket. Det var gamle hus på gården med en buskapp på 7 mjølkekyr og noen ungdyr. I dag er de gamle husene skiftet ut med nye våningshus og ny driftbygging, og buskappen er skiftet til det dobbelte. Samtidig er det kjøpt inn også fordoblet, og etter planen skal nye 80 dekar nydijrke.

På markdagen sin i høst hadde Valdres forsøking satt på programmet utbyggingsbrukenes problemer i utbyggingsperioden, en



## Sjøl med stor eigeninnsats må privatforbruket bli eit minimum

Dei fleste av dei som har gått inn i utbyggingsperioden har gjort det med stor eigeninnsats. Det betyr at dei har gjort det med store utgifter. Det betyr også at dei har gjort det med store utgifter. Det betyr også at dei har gjort det med store utgifter.



husdyrgjødselhandtering og høge livdyrprisar Dei fleste hadde nok og med seg ein porsjon "Skotch Whiskey" då dei kom attende til gamlelandet.

Jordregisteret fortalde om store dyrkingsjordreservar i Valdresbygdene og markdagane i 1977 spannt ut frå dette temaet. I stølsområda i Øystre Slidre hadde NLVF i gang eit større forskingsprosjekt. Medlemmene fekk sjå korleis ulike grasslag og grønførvekster slo seg til i ulike høgdelag, både onder og over tregrensa. I stølstraktene var store område etterkvart tilvokstne av brisk og vier, og utstyr for å rydde bort dette krattet fanga interesse.

På 70-talet var det eit stort tal utbyggingsbruk i Valdres. Til markdag hjå Odd Byfuglien i Granumsbygda kom ei rekkje fagfolk for å fortelje om planlegging og gjennomføring av utbygginga både av bygningar, dyremateriell og jordveg. "Endå vegen innover mot Bakkebygda er temmeleg dryg for dei som bur øvst i dalføret, var alle Valdreskommuner godt representert, noko som avspeglar stor interesse for dei aktuelle tema som vart tekne opp", skriv Olav Robøle i "Valdres". "Fru Byfuglien kunne fortelle om slit både ute og inne i gamle og tungvinte bygningar. Det tar mindre tid å stelle 20 kyr i den nye driftsbyggingen enn det tok å stelle 9 kyr i det gamle fjøset", skriv "Norsk Landbruk". "Granum Søndre har satset en million i investeringer" var innleiinga til Ola Ødegaard i "Samhold".

Oppdyrking av jomfrueleg mark var eit gjennomgangstema. På ettervinteren 1978 var ikr. 80 deltakarar samla til møte med bl.a. Jorddirektør Ottar Fjærvoll, dir. Ole Lie i det Norske Jord & Myrselskapet samt am. Hans Aamodt frå LTI. "I framtida er eg ikkje sikker på at bruksutbygginga vil føregå nede i bygda" sa gardbr. Thor



Dahl i si innleiing. Samarbeidet med Landbruksteknisk institutt og Hans Aamodt vart halde vedlike utover på 80-talet, og det vart ikkje få timar Aamodt kørde med stor skålharv både på Merket fellesstøl og på den nye fellesstølen på Hovda i Skrautvålsåsen. Aamodt hadde gjort ein del tids- og arbeidsforbrukstudiar under desse oppdraga, og det vart ein **kraftig** diskusjon i styret om dette skulle vera med i årsmeldinga. – Sumaren 1982 var medlemmene invitert til markdag på Hedalsengene der halvanna tusen mål dyrkingsjord no låg ope for dyrking.


Slutten av 70-talet hadde mest eit vikingetidspreg i seg med dei utlandsturane forsøksringen sto bak. Valdrisar drog både i Miklagards- og Novgorodlei, men dei snudde i Tsjekkoslovakia, Danmark og Finland. På desse turane inviterte ein med folk frå granneområda, Vestoppland, Gudbrandsdalen og Hallingdal.

På eit hotell i Tsjekkoslovakia dreiv ein av heiseførarane med ”svart” veksling av valuta. Han stoppa heisen mellom to etasjer og pengane bytte hand. Han Mikael Bang sa det slik : ”*Nai, no gjere Kjørkjibjergo`n mykje peng du, no ha`n vøre i heise i minst tre menu*”.

Om sume bønder kunne gjera det godt på valutaspekulasjon, var ein på tur mot ei tid det stikkordet var *innsparing av kostnader*, totalt motsett det gamle ’korleis auke bruttoinntekta’. Skuta hadde alt byrja å snu, men lang tid skulle gå innan passasjerane merka heilomvendinga.

Sist i august 1978 la eit fylje forsøksringmedlemmer iverg over Filefjell med kurs for Leikanger, med Knut Helge Sørhus i brodden. Han hadde vore ringleiar i Indre Sogn Forsøksring innan han vende heim til Valdres, og hadde saman med staben i Indre Sogn lagt opp til vitjing på ulike gardar i området, samt





på forsøkgarden Njøs, der Valdrisane kosa seg med eple, og i tillegg fekk sjå ”norske” aprikoser.

I år med små grasavlingar må ein sjå seg om etter andre slag grovfôr. Korndyrkingsarealet minka år om anna i Valdres, men halmen var ein ressurs ein burfe ta vare på, både her og i dei meir spesialiserte korndistrikta. Halmluting var det slutt med, nem NOFO (Norsk Fôrkonservering) hadde byrja å setje til amoniakk i oppstakka, firkantpressa halmbuntar, med godt resultat. Tidlegare ringleiar Svein Thorsrud hadde orda frampå om ein også kunne amoniakkhandsame ’halvtørt’ gras, og NOFO tok han på ordet. På seinsumaren 1978 laga dei eit ’miniforsøk’ med ulike amoniakkmengder på Hovsetre, stølen til Svein, og på ein markdag nokre veker seinare kunne ein møta fram for å sjå resultatet. Det var gjennom fleire år eit godt utbygd distribusjonsapparat for flytande amoniakk, og ikkje lite halm vart konservert på denne måten gjennom dei neste åra. Ein trur ikkje det konserverte graset utgjorde noko stort volum.

Same kva ein stappar i husdyra i eine enden (helst den enden tennene sit i), kjem noko utatt i den andre. Ordet ”Husdyrgjødselforholdet” såg ein av og til i fagblada. Samanlikna vi oss med dei ’tettaste’ husdyrområda’ i resten av Europa, var vel ordet ’problem’ å ta altfor kraftig i. Snudde ein litt på flisa, og sa : Korleis skal vi nytta husdyrgjødsla på best muleg måte i kombinasjon med handelsgjødselforholdet, kom ein nok nærast den røyndomen vi levde i. Små openåkerareal nede i bygda og til dels lang transportveg til grovforareala på stølen gjorde at ein måtte sjå på måtar for å spreie husdyrgjødselforholdet på engane.

I samarbeid med fleire gardbrukar i ’Tørpegarø’ i Vang vart det hausten



1978 synt fram både gjødselpumpe, blandepropellar, transport- og spreieutstyr samt gulleanlegg for blautgjødsel. Denne markdagen hadde eit stort deltakartal, og vi veit at fleire kontrakter vart skrivne med utgangspunkt i kva medlemmene hadde sett denne dagen.



Frå gjødselkjellaren tok vi arrangemnetsvegen til dyrerommet og förlageret i driftsbygningen. 2. november 1978 hadde vi fått professor Torgeir Lyngtveit frå NLH med oss til markdag kjå Knut K Ødegård på Nordåker i Røn, og emnet var ”ombygging av eldre driftsbygningar”. Lyngtveit hadde laga ei ombyggingsplan for driftsbygningen, og dei mange fram møtte vart med på ei runde for å sjå kva slag endringar ein trengde å gjera for å få bygningen betra tilpassa nye driftsmåtar og ny teknologi. - Denne markdagen synte eit behov for å gi meir detaljert kunnskap om bygningsarbeid på Valdresgarden, og vart spira til dei seinare ”Bygningskurser” (sjå eigen artikkel)



Året er 1979, vi er sist i januar – og vi er på Danskebåten. Forsøksringen arrangerer tur til den store utstillinga ”AgroMek” i Herning, og ei heil busslast medlemmer er med. I tillegg til utstillinga skal vi innom fleire gardar i Skanderborg-området (venskapskommune med Nord-Aurdal). Vi kjem innom både ein stor Jerseybesetning, forsøksgarden Godthaab og Passatfabrikken, som er spesialistar på fyringsanlegg. I tillegg vart vi inviterte på middag av ordførar Ejner Jensen i Skanderborg. – som i retur fekk ein ’brimost frå Føssei’.



- Vi overnatta 2 netter i Silkeborg, og då vi kom fyrste kvelden venta det ’Dansk bøf’ på gjestene. Han Bjarne Lome fann eit hardplast-liknande objekt i ’bøffen’ og hadde fyljande kommentar. ”Jaddi ha dai dålige stundé herniè, dai ha kji eigong fått tå øyremerkjo før dai bi stappa nie kvèdné”.






Januar var og månaden for rekneskaps- og skatteoppgjer. Andersen frå NB var innleiar på eit måte på Fagerborg pensjonat som samla mange deltakarar, og til og med ein likningssjef sa etter møtet hadde vore lærerikt.

Etter vinter fyljer vår, snøen smeltar og grasmarka kjem framatt, grå i starten, men med sol og varne kjem den grøne livsfargen. Men denne våren var det mykje eng som hadde store, grå bøter i seg. "Overvintringssopp" sa fagfolka. Så denne våren hadde vi 6 temadagar om førebuing mot soppåtak., og fekk god hjelp av statskonsulent Kåre Årsvoll.

27.september same år hadde vi fått med professor Erling Strand frå NLH, fylkesagronom Alfred Malm og am. Erling Olsen på ei reise gjennom "kornområda" i Valdres, Begnadalen, Vestringsbygda, Røn og Volbu..

- - - - - Då vi fyrst spurde professor Strand om å ta del i markdagen, var svaret: " Dæ kan vel ikkje vera non korndyrking i de harabeiteområda". Etter turen trur vi pipa fekk ein annan lyd.

Vi prøvde å følge opp korn- og grasfrødyrkarane med eit vekeskurs på vinteren 1980. Omlag samstundes hadde vi og eit kurs om rotvekstdyrking [Her syner vi til eigen srtikkel om Valdres Plantelag]. Bygningskurs hadde vi denne våren og, og frå ein einskild bygning er ikkje spranget stort til å sjå gardstunet samla.. Midt i juli hadde vi VerneVøla og Valdres Folkemuseum som partnarar under ei sundagsutferd for å sjå på gardstun og byggeskikk i vår eigen dal gjennom tidene, Vi starta på Høve i Vestringsbygda, sidan på sørre Røllång i Ulnes, sidan på Ulve i Røn. Til sist samlast vi på Museet og fekk ei innføring om takformer og taktekkning gjennom tidene, og her vart sjølvsagt Valdresskiferen eit sentralt samtaleemne.



21. oktober hadde ein samla eit fagpanel med prof. Hjulstad NLH, Petter Lindstad i Bøndenes bygningskontor samt bygningsssjefane i Valdres under tittelen ”Temadag Byggjeskikk”.

Finland var reisemålet for turen vår dette året. Saman med Lendingar og Gudbrandsdøler vart vi trygt frakta av JVB med kurs mot Stockholm og Helsingfors. På Landbruksuniversitetet i Helsingfors fekk vi ei forelesing av professor Kalle Majala, ein av Nordens fremste forskarar på saueavl, og seinare gjekk reisa til Kouvola, venskapskommunen til Nord-Aurdal, der både gardsvitjing og ei kveldssamling med gardbrukarar i området var organisert for oss.

Då klokkene ringde oss inn i år 1981, var eit helgeseminar på Kamben kring emnet ”Gardstunet” stadfesta. Samlinga skulle vera eit punktum på satsinga vår kring temaet ’bygningar på garden’. Seminaret vart halde saman med øvre Buskerud Forsøksring, og samla god deltaking. – Men kva slag lei skulle ein no satsa vidare på innan rettleiing i ’tekniske fag’ ? Styreformann Sandberg hadde under ei samtale med Landbruksteknisk Institutt (LTI) kome under vér med at dei i Danmark dreiv mobil ytingsmåling, eller ”helsekontroll” av traktorar, og fekk styret med på at vi burde sjå nærare på dette. ( sjå artikkelen ”Kursverksemd og anna satsing..”)

I november var medlemmene invitert til arrangement i Volbu om ”Gardsverkstaden”, dette var eit samarbeid med Selskapet for Noregs Vel (SNV) og Gjensidige/Valdres Brannkasse.


Vi val no komme inn i ein arbeidsbolk der samarbeidet med Husdyrkontrollen gjekk knirkefritt, og arbeidsåret 1982 starta i januar med ei faghelg på Maristova. Under ”Landbruktes Dag”, som dette



Året var på Leira hadde Forsøksringen ein demonstrasjon av kalking, på Før – rett over for Lagemarkene , der fleire av kalkprodusentane stilte både med mannskap, spreieutstyr og kalk. Kalkskya sto kvit utover mot Førssyndé, til glede både for jord og vatn. – Dette året vart det sådd og planta kålrot på svært mange mjølkeproduksjonsgardar i dalen, og i slutten av september var mange av dyrkarane samla til markdag hjå 'krumtappen' i Plantelaget, Knut Helge Sørhus i Ranheimsbygda. Han gjekk over frå å vera ringleiar til å bli gardbrukar på fulltid frå årsskiftet 1982/83.

”Og så gjekk dei inn i det fjorde, o da va det siste dei gjorde”, seier Jakob Sande i diktet ”Drama i fire akter”. Ja, 1983 vart det siste årstallet mitt i Valdres Forsøksring, skrivebordet var reinsa innan fyrste faredag. Innan då hadde Forsøksringen vore medarrangør i Faghelg på Grindaheim, saman med Produsenttenesta, og i tillegg hatt eige fagkurs i grasdyrking. 21. april hadde ein informasjonsmøte med framlegging av resultat frå fyrste året med traktorkontroll, og sist i juli samlast medlemmene til markdag på Løken. Fagturen gjekk dette året til Rogaland, og Valdrisane la ut på ferda i midten av September.

- - For den vidare saga vil eg visa til oversikta Odd Helge Nysveen har laga om 'arrangement og tilstellingar i Valdres Forsøksring 1984 – 2002'



# Kursverksemd og anna satsing på bygnings- og maskintekniske løysingar

## Varekunnskap om nybygg og vøling, gardstun og effektmåling av traktorar



Ola Helge Fløene  
ringleiar 1977 - 1983

Døyr fe  
døyr frendar  
døyr sjølv det same  
Men ordet om deg  
aldri døyr  
vinn du eit gjetord gjævt  
(Håvamål)  
...  
trø stilt på jord  
Eg har reist mine bautasteinar  
I ord  
(*Jakob Sande*)

Lagnaden til det store fleirtal av oss gjev ikkje rom for korkje å ”vinna eit gjetord gjævt” eller å ”reise bautasteinar i ord”.

Vi kan ”reise bautasteinar” i garden vår, bygningane våre og i etterkomarane våre.

Forsøksringen har ikkje blanda seg inn i det siste punktet, men når det gjeld bygningane på garden prøvde vi gjennom åra å gi Valdresbonden eit idégrunnlag utfrå kunnskapen i – og tankane i tida vi virka i.

*”Det hjarta er fullt av, renn munnen over med ...” (ordtak)*

Når unge hender kjem attende til fødestaden, vil dei gjerne gripe fatt i arbeidet med å legge til rette for framtida. I starten på 1980-åra var dei 6 hendene på forsøksringkontoret ved mange høve

syssette i vølings- og bygningsarbeid på ”fedrenegardane”.

For eigen del, med landbrukstekniske fag som utdanningsbakgrunn, hadde eg teke del i dei årlege samlingane dei tekniske institutta ved NLH i samarbeid med Landbrukets Opplysningskontor (LOT) arrangerte. Her fekk ein servert det **dagsaktuelle** matfatet med faglege innslag saman med høvet til å vedlikehalde det ”sosialt-faglege” nettverket.

Tida kring 1980 var år der framtidsvon, optimisme og investeringslyst rådde grunnen. På mange Valdresgardar var byggjeprojekta både vel påtenkte og planlagte. Ei viktig oppgåve for Forsøksringen var å formidle fagstoffet til medlemmer og andre interesserte i Valdresdalen. Hausten 1978 hadde ringen ein markdag hjå *Knut K Ødegård*, Nordåker i øvre Røn. Her hadde vi fått den då unge, fagleg sterke og glødande interesserte *professor Torgeir Lyngtveit* til å utarbeide alternative planer for vøling og ombygging av driftsbygningen. Svært mange medlemmer møtte fram, og dette var nok innleiinga til satsinga vår på bygningssida.

Formidle lærdom – og setje kunnskap om til praktisk bruk

Vinteren 1979 godkjende styret i forsøksringen utkast til eit 6-dagars kurs i bygningsfag, der vi som undervisarar drog inn sentrale fagfolk på lands-, fylkes- og lokalplan. Ein prøvde så

godt råd gi å formidla detaljkunnskap om bygningsplanlegging med professor Lyngtveit og fylkesagronomane Dahl og Elvesveen, bygningsmateriale med førelesarar frå mellom andre Norsk Betongforening, Nordisk Aluminium, BMFbyggningsbeslag og Glava. Emne om innandørsmekanisering , gjødselhandtering/tette gjødselportar og mjølkemsakiner vart også dekkja av representantar frå ulike firma. Fylkesagronom Håvi tok for seg bygningsøkonomi, rørleggar Torstein Lindal tok temaet 'vatn i driftsbygningen og Leif Sørbråten frå Nord-Aurdal Kraftlag tala om elektrisk anlegg. Representantar for dør/vindaugeprodusentane var også innom kursa Vi samarbeidde med Valle landbruksskole for å få del i sentrale midlar til vidareutdanning for å dekke kurskostnadane.



*Det fyrste kurset held vi på Leira vidaregåande skule i vinterferien 1979. Grannen min var med på fyrste kurset, og eg hugsar godt at minste dotter hans tykte det var litt rart at 'han papa' måtte ut med skuleveska den veka ho hadde fri!*

Ved avslutningen laurdagen hadde vi kjøpt marsipankake, men kakespade hadde ingen tenkt på. Då kom demonstrasjonssettet med BMF-byggningsbeslag til nytte. ("Man tager" sto å lesa i Valdresprestekona Hanna Winsnes si kokebok.---- "Man tager hva man haver" tenkte kursarrangørane om kakespaden

Etter å ha halde tilsvarande kurs også vinteren 1981 såg vi "marknaden" som "metta"

### "Å vekse på god rot"

Det er oftast langt mellom årringane til ein landbruksbygning, og ei lang levetid krev at han står på trygg grunn. Fundamenterings- og betongarbeid stikk av med ein god slump av investeringa – og er arbeids- og materialkrevjande. Forskalingsarbeidet, sa fagfolka, kunne gjerast enklare og billegare ved å nytte ferdige forskalingsselement, tilpassa standard gjødselkjellarhøgde. Desse kunne ved rett handtering brukast om att på mange landbruksbygg. Då kom spørsmålet : "Kven skal hengje bjølla på katten" – og "kven skal ein godblunke til" , ja – korleis skulle vi organisere innkjøp og utleige av elementforskaling i Valdres. Her kom Valdres Samvirkelag inn som ein viktig medspelar og overtok stafettpinnen frå forsøksringen. Både styrar Nils Waarum og styreformann Torbjørn Holden (byggmeister frå Ulnes) vart våren 1979 med på ein tur til Ringsaker Almenning på Næroset der vi såg på produksjon av forskalingsselement, vitja byggjeplassar og drøfta framdrifta i prosjektet. Sumaren 1979 var forskalinga på "jomfrutur" i Liardo i Vang, der forsøksringen hadde



markdag og urframføring av nyvinninga. Den dag i dag kan du treffe på han Nils Waarum med elementlass langs vegane i Valdres.

---

*"Når gode vener dreg kjelken saman, kan ein lesa større lass."*

---

"Kring 1980 hadde vi ein arkitektutdanna museumsstyrar, Torbjørn Eggen, samt ei druvande kraft i foreninga "Verne Vøla", Haldis Ålvik Thune. I samarbeid med desse skipa vi sumaren 1980 ei "familieutferd" for å sjå på gardstun i Nord-Aurdal og Vestre Slidre. Tema for dagen var "Byggjeskikk og tunutforming". Turen starta på Høve i Vestringsbygda hjå fam. Alf Brandt Kjelsen, vidare til sørre Røllång i Ulnes hjå fam. Henrik Ranum,



sidan til Ulven i Røn hjå fam. Ola O Ulven og med vending sørover mot Museet frå det gamle tunet på Rå i Røn (garden var då testamentert til Vestre Slidre kommune)

---

Kan minnast ei ordveksling eg "smughørde" då vi sto framfor nybygget hans Ola Ulvé: Ein Nord-Aurdøl spør sidemannen, ein Øyebygding : "*Kan detta lønne sé då ?*". Øyebygdingen svarar : "*Han Ola Ulvé gjeré bærræe dæe so lønne sé , han*"

---

*"Det er to sider ved en bygning, bruken og skjønnheten. Bruken tilhører eieren, skjønnheten hele verden."*

---

Vinteren 1981 held vi fram med byggjeskikkseminar på Kamben Hotell saman med Hallingdal forsøksring samt Valle- og Lien landbruksskular. Her prøvde vi å spinna saman fortid, notid og framtid med innleiarar av lokale krefter og langvegsfarande fagfolk, mellom andre instituttarkitekt Berent A Moe frå NLH, Ringleiarassistent Bjarne Asgrimplass står framfor planteikningane frå Robøle nigard i Øystre Slidre. Då dett det ut av han : "*Å, tenk om e hadde hatt eit so fint navn*" Vi bur i eit dalføre der skifersteinen frå Køllstadbygden har sett sterke merkje etter seg i ei periode av bygningshistoria vår. Punktum for "gardsbygningdelen vart sett sumaren 1981 med ein markdag om takformer og taktekkning på Valdres folkemuseum. Som ein god byggherre starta vi altså med prosjektering og teikning i 1978, grunnmur i 1979 og avslutta med taktekkning i 1981. Etter dette vart det ikkje meir storstila bygningaarrangement i vår tid.

---

*"ingen røyk utan eld, ingen dur utan motor"*

---

Tekniske fag er ikkje berre hammar, Gjerdesag, blandemaskin og totommfirtoomm: Røynsla sa: "*Ska*

*dæ koma folk på markdagen, då lyt mø ha mæ noko so dura*" Då laut vi vel også ta oss av det som "dura" på garden.



Havremotoren var alt i vår tid gått over frå trekkraft til selskaps- og rekreasjonsbruk, så Dieselmotoren vart vår prøvestein. I 1982 hadde Magnus Sandberg under ei togreise kome i kontakt med professor Gunnar Weseth ved Landbruksteknisk Institutt (LTI) og praten kom inn på kva forsøksringane kunne



gjera av praktiske oppgåver innanfor maskinteknikk. Weseth kopla tankerekka mot Danmark, der landboforeningane organiserte effektmåling av traktorar, dermed var egget lagt. Etter styrehandsaming vart denne skrivaren saman med Ola Kjørli frå leira vdg. Skule, Tor Horn, Volbu samt amanuensis Birger Mølnå frå LTI, Ås sende til "Kongens by – København" i førjulstida –82 for å læra om dansk "effektkontrol"

---

.Under reisa med "Danskebåten" DFDS kjem diskusjonen inn på kven av turdeltakarane som er fødde nærast sjøen. For ein Skrautvålsbygding eller ein Abjøring kan nok eit heilt liv passera utan å ha opplevd flo og fjøre, storm og mjuke havbøljer. Nordtrønderen Mølnå, derimot, var fødd berre eit par steinkast frå havkanten, og såg nok på seg sjølv som den mest sjøvande. Då slær Tor Horn til: "Eg er fødd i eit hus der eine sida sto på pålar ut i sjøen"

---

Våren 1983 var måleutstyret, med god økonomisk hjelp frå Valdres Brannkasse ved kontorsjef Reidar Hovelsrud og styreformann Harald Thorsrud, på plass i Valdres etter å ha blitt prøvekøyrt og klargjort på LTI, Ås. Landbruksmekanikar Jan Fred Solhaug frå Ranheimsbygda vart engasjert til å farta rundt med testutstyret, avtale om lokale var klarert i dei ulike bygdene, rapportskjema var tillaga og ein god del interesserte medlemmer hadde meldt si interesse.

---

# Valdres forsøksring, forsøksaktiviteten.

## Eit resymé over problemstillingar som vart teke opp, kvifor dei vart teke opp,



**Odd Helge Nysveen**  
tilsett 1975,  
ringleiar frå 1986

